


Dato 26.09.13	Elevkode : r 610	Kjønn:	Det første språket du lærte	2.utkast
------------------	---------------------	--------	-----------------------------------	----------

Skriv ein artikkel, der du forklarar kvifor muslimane i S1 ønskjer å bygge moske. Oppgje kjeldene du har brukt.

Får muslimane moske i S1?



Skisse av moske

Det heile starta med ein eldre mann som døde i 2001, som var muslim. Muslimar skal eigentlig skal ligge med høgre skulder og hovud mot Mekka, men etter kristen skikk skal høgre fot vere vendt mot nord. Då begynte dei og tenke på det med og ha sin eigen moske og gravplass.

Vi har hatt besøk av ein muslim, som heiter F1, og ho har forklart oss litt om kvifor muslimane i S1 vil ha moske. F1 kom til S1 for 19 år sidan, som flyktning frå Afghanistan. Det var far og mor og åtte søsken som kom til S1 etter og ha flykta i sju år frå Tadsjikistan. No er ho vaksen og har jobb i S1.

Kvifor vil muslimane i S1 ha moske? Dei vil ha moske fordi dei vil ha ein møteplass, der dei kan møte andre muslimar, som er frå andre plassar, for då er dei på ein måte heime fordi det er andre muslimar der. og at dei kan dra dit og be til Allah. Og at dei kan føle at dei på ein måte er i heimlandet sitt. For når dei er i mosken lengtar dei ikkje så mykje til heimlandet sitt. Då føler dei seg litt heime. Og dei vil gjerne fortelje om trua si. Når dei har muslimske høgtider samlast alle i kjellaren på N1 huset.

Dei vil ha eit senter der dei har mosken inni og Koranen, slik at dei kan lære opp barna i Koranen. Og dei vil ha rom der dei kan lære opp barn, og ha kioskar og alt dei har i andre moskear på andre plassar.

Dei har snakka med kommunen om moske, og dei kunne kanskje få ein tomt. Og dei skulle sende eit brev om eit møte. Og dei har venta og venta, men det har ikkje kome noko brev. Det viser det seg at kommunen ikkje har sendt noko brev om eit møte. Den som skulle sende brevet har ikkje sendt det, for kanskje han ikkje vil ha noko med muslimane og gjere.

Så ville kommunen ha mosken på **S2**, men der ville ikkje muslimane ha den, dei vil ha den på **S3**. Der vil den stå meir sentralt, slik at andre kan sjå den og gå i den.

Somme meiner at dei ikkje vil ha moske i **S1**, og somme meiner at det hadde ikkje gjort noko med ein moske. Eg er ikkje heilt sikker på om det blir moske i **S1**. Men eg håper at det blir moske i Førde. Eg synest det hadde vore tøft med ein moske i **S7**!



Foto: Jonas Sætre, nrk.